

Selje frivilligsentral har søkt og fått nokre midlar til tema Aldersvennleg frivilligheit og lågterskel møteplassar.

Mål i tilskotsordninga: 1) fremme aldersvennleg frivilligheit

- bidra til å mobilisere eldre som resurs i frivillig sektor
- skape meir aldersvennlege strukturar

2)Utvikle møteplassar

- sikre lågterskeltilbod for eldre for å fremje sosial deltaking, aktivitet og fellesskap.
- Les meir om tilskotsordninga og søknaden på www.selje.frivilligsentral.no

Selje frivilligsentral inviterte til ope møte den 29.september.

10 personar i alder 40 – 75+ møtte. Både egen organiserte frivillige/ engasjerte eldsjeler, Selje sanitet, Selje røde kors omsorg, besøksvennane, Selje pensjonistlag og Selje frivilligsentral..

Terje Hovden, Magny Myklebust, Oddrun Hjelle, Solfrid Austrang, Unni Hovden, Ragnhild Solheim, Kjellaug Venøy, Eli Eide Årevik, Marianne Flølo og Maria Helgesen.

Selje frivilligsentral v /Maria informerte om tilskotet på 8800 kr.

I regi av frivilligsentralen blir det arrangert fleire slike møter med dette tema. Også møter for ungdom og frivilligheit. Det kom innspel på møte om at ein burde og ha litt felles. Det blir derfor lagt opp til eit fellesmåltid mellom møta. Sjå meir info i kalenderen til www.stad.foreningsportal.no Tilskotet blir brukt på mat til desse møta onsdagar i november.

Vi snakka litt om tema og alle kom med innspel om viktige fokusområdet og oppgåver vidare:

- Aldersvennleg frivilligheit og lågterskel møteplassar bør vere eit punkt i frivilligpolitisk plattform. Den skal no reviderast og det er viktig at dette behovet kjem fram som noko Stad kommune skal ha på agendaen.

Dette gjeld blant anna universell utforming og tilrettelegging av lokale, tilpassing etter ulike behov for å delta og bidra med sin kompetanse/ resursar og jobbe for å unngå digitalutanforskap.

- Innbyggjartorget er ein viktig møteplass som er lett tilgjengeleg og UU. Stort behov for denne møteplassen.

-Bygge på det vi har og samarbeid med andre – for eksempel har saniteten utvida sin møteplass. Etter saniteten har gått sin kløvertur har ein begynt å avslutte ilag på Innbyggjartorget. Her kan for eksempel også LA Selje vere med. koke kaffi, vere med ++

- Ein har og nokre midlar / gåvekort som kan gå til arrangement ein kan lage til som skal unngå passivitet og einsamheit. Kan feks gå til om nokon vil arrangere lågteksle gratis møteplassar , julefeiring og liknande.

-Rødekors omsorg har snakka med saniteten om å lage til gratis kafe. Treffpunkt for bygda - For alle.

Her er eit døme der frivilligsentralen kan bidra med litt midlar/ gåvekort.

-Utfordring: Korleis nå dei som ikkje kjem. Det er mange som har godt av å komme seg ut og samtidig vere nyttig. Vinn vinn.

-Dugnadstavle: Burde hatt ei stor tavle i bygdesentrum der ein kunne lett fått sett kva som skjer av arr. Men og kunne sjå kva ein kan hjelpe til med. For eksempel stirydding, dugnad, kiosk osv. Digitalt har vi Stad foreningsportal, men det trengst og noko meir fysisk eller iallfall lett synleg for alle utan å måtte bruke mobil eller pc.

- Ein har mange ulike tilbod men kanskje ein treng fleire. Og spesielt kanskje noko meir for menn? Dart hadde vore kjekt å hatt . Det vart tipsa om ein som har vist interesse for dette. Selje frivilligsentral tek kontakt å høyrer. Vi har Dart i BUA , men treng ein plass å ha det. Kan ha det i BUA kanskje men treng ei tavle bak . Kanskje Hove kan hjelpe å lage?

Neste ope møte blir 5.november kl.: 12:20 – i biblioteket.

6.10.2025

Maria Helgesen